

## **Skulereglar for Holmedal montessoriskule**

(Vedteke på styremøte 23.05.2024)

Skulen har, i samarbeid med elevrådet, utarbeidd ein elevstandard som skal gjelde. Elevstandarden skildrar korleis vi ynskjer at alle skal oppføre seg for å vise kvarandre respekt og toleranse og ta ansvar for miljøet på skulen. Elevstandarden skal bidra til å oppfylle skulen si målsetjing om eit arbeids- og læringsmiljø prega av ro, orden, respekt, fagleg fordjuping, trivsel og læringsglede.

Elevstandarden gjeld i alle situasjonar der skulen eller SFO har ansvar for elevane, samt på veg til og frå skulen.

Elevstandarden og sanksjonar ved brot på denne utgjer til saman Holmedal montessoriskule sine skulereglar.

### **ELEVSTANDARD**

Det er viktig med eit godt miljø på skulen og alle på skulen vil samarbeide for å skape tryggleik og eit samfunn prega av toleranse, kunnskap og lærelyst.

#### **RESPEKT**

- Eg viser omsyn, og lyttar til medelevane mine og vaksne.
- Eg tar vare på materiell og omgivnadene mine, og ryddar etter meg.
- Eg snakkar høfleg og brukar ein venleg tone.
- Eg er open for å samarbeide og er villig til å tilby hjelp.
- Eg bidrar til arbeidsro og tar omsyn til andre i arbeid.
- Eg slår av mobilen min og har denne i sekken heile skuletida.
- Eg tar kun biletar av medelevar når eg får løyve, og er forsiktig med kva eg deler og kommenterer på sosiale medier.

#### **TOLERANSE**

1. Eg aksepterer at alle er likeverdige sjølv om vi er ulike.
2. Eg aksepterer (godtar/ anerkjenner) tankane, meiningsane og haldningane til medelevane mine ved å vere open og nysgjerrig.
3. Eg tolererer at vi et forskjellig mat, kler oss forskjellig, har ulike interesser, og lar vere å kommentere det.
4. Eg seier frå når eg ser noko som er urettvist.
5. Eg er inkluderande i leik og arbeid.
6. Eg løyser konflikter/usemje/problem fredeleg med ord.

## **ANSVAR**

- Eg møter utkvild, presist og førebudd på skulen.
- Eg tek ansvar for å ta imot læring, er open og deltagande og har ei positiv innstilling til å lære og arbeide.
- Eg arbeider sjølvstendig og gjer mitt beste for å samarbeide godt med medelevar.
- Eg brukar skulen sitt datautstyr berre til skulearbeid.
- Eg passar på å ete sunt og har ikkje med meg helsefarlege stoff og farlege gjenstandar på skulen.
- Eg tek ansvar for mine eigne- og viser omsyn til andre sine eigedelar.
- Eg er eit godt førebilete og tek ansvar for mine eigne handlingar.

## **Sanksjonar ved brot på elevstandard**

Ved brot på elevstandard skal skulen reagere i tråd med punkta under. Vil vil alltid måtte gjere vurderinger *i høve til alvorsgrad*, og vi ynskjer eit tett samarbeid mellom foreldre og skulen for å *rettleie elevane* på ein formålstenleg måte. Andre sanksjonar enn dei som går fram av dette reglementet kan ikkje nyttast.

1. Munnleg/skriftleg samtale/åtvaring frå tilsette i situasjonen og/eller kontaktlærar.
2. Munnleg/skriftleg samtale/åtvaring frå rektor eller rektor sin avløysar.
3. Kontakt med heimen og involvering av føresette.
4. Ved mistanke om/avdekking av krenkjande handlingar som utestenging, mobbing, vald, trakkassering, rasisme eller diskriminering, iverkset ein tiltak i samsvar med skulen sin plan om eit trygt og godt skolemiljø, og i tråd med Opplæringslova, kapittel 12.
5. Ved misbruk av mobiltelefon vert denne kverrsett, og utlevert når skuledagen er slutt.
6. Ulovlege og farlege gjenstandar vert kverrsette og levert føresette etter avtale.
7. Pålegg om å utføre oppgåver for å rette opp skade som eleven/elevane har påført skulen sin eigedom eller eigedelar.
8. Skade eller hærverk på skulen sin eigedom og/eller utstyr, kan medføre erstatningsansvar for eleven/føresette etter skadeerstatningslova § 1.1. og 1-2.
9. I alvorlege tilfelle eller gjentekne brot på skulen sin elevstandard, som til dømes bruk av vald, særleg provoserande åtferd eller andre brot på elevstandarden, kan rektor vurdere å utvise eleven etter privatskulelova § 3-10.  
Elevar på 1. – 7. steg kan berre utvisast for ein enkelttime eller resten av dagen. Lærarar har mynde til å bortvise elevar for maksimalt to timar. Skulen sørger for

tilstrekkeleg tilsyn med bortvist elev. Føresette skal varslast før ein elev på barnetrinnet vert utvist for resten av dagen.

Rektor skal i slike tilfelle fatte enkeltvedtak som kan påklagast etter forvaltningslova sine reglar. Føresette skal varslast skriftleg om vedtaket før endeleg vedtak vert fatta. I slike tilfelle skal eleven ha rett til å forklare seg munnleg for rektor, og føresette skal ha høve til vere til stades under ei slik forklaring. Skulen skal grunngje vedtaket om bakgrunnen for utvisinga, det vil seie skildre kva som faktisk hende, kva regel som er broten, og kvifor andre hjelpe- eller refsingstiltak ikkje er nytta. Det bør føreligge ein rapport frå lærar om vedkommande var tilstades ved episoden.

10. Ein elev kan midlertidig eller permanent verte overført til ei anna gruppe dersom omsynet til eleven sjølv og/eller dei andre elevene tilseier det. Det må i så fall føreligge alvorlege brot på elevstandarden, og andre tiltak må ha vore prøvd først.
11. Ein elev kan i spesielt alvorlege tilfelle flyttast til ein offentleg skule dersom omsynet til dei andre elevane tilseier det, jf. privatskulelova § 3-3. Årsaka til at ein elev kan flyttast, kan til dømes vere at eleven mobbar ein eller fleire medelevar. Før det vert gjort vedtak om å flytte ein elev, skal ein ha prøvd andre tiltak. Det er oppvekstsjefen i heimkommunen til eleven som fattar vedtak om flytting av ein elev.
12. Skulen vil normalt melde straffbare tilhøve til politiet (tjuveri etc.). Skulen kan vurdere bruk av gjenopprettande prosess i regi av konfliktrådet.

Fysisk refsing, kollektiv avstraffing eller andre krenkande handlingar er ikkje tillate. Før det vert teke avgjerd om refsing, mellom anna om bortvising eller tap av rettar, skal eleven ha høve til å forklare seg munnleg for den som skal ta avgjerdra.

---

Dette reglementet skal gjerast kjent for elevar og føresette kvar haust.